

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

Gustav Bahun (Frp) sette på vegner av Frp, H, MDG, V, KrF, Sp, A og SV fram slikt forslag:

«Endra punkt 4:

Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Askøy kommune på vegner av kommunen og Schlumberger Norge AS. Forskottinga er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter, og som følgjer:

- Schlumberger Norge AS: forskot 50 mill. kr. Refusjon 25 mill. kr etter 3 år og refusjon 25 mill kr etter 6 år frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
- Askøy kommune: forskot 17 mill. kr. Refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
- Askøy kommune har risikoen dersom Askøypakke 2 ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet fullfinansiera prosjektet ut over Hordaland fylkeskommune sitt tilskot.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Bahun sitt forslag til punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget ser positivt på utvikling av industriområde og nye arbeidsplassar generelt, og på Horsøy i Askøy kommune slik det framgår i denne saka.
2. Fylkestinget godkjenner Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til prosjektet, avgrensa til 17 millionar kroner. Prosjektet har ei ramme på inntil 100 millionar kr inklusive meirverdiavgift. Tilskotet vil bli omgjort til eit fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell Askøypakke 2.
3. Fylkestinget legg til grunn at prosjektet blir tatt inn i budsjett for 2018 / 2019, og eventuelt ei mindre budsjettjustering i 2017.
4. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Askøy kommune på vegner av kommunen og Schlumberger Norge AS. Forskottinga er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter, og som følgjer:
 - Schlumberger Norge AS: forskot 50 mill. kr. Refusjon 25 mill. kr etter 3 år og refusjon 25 mill kr etter 6 år frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
 - Askøy kommune: forskot 17 mill. kr. Refusjon frå ein eventuell framtidig Askøypakke 2.
 - Askøy kommune har risikoen dersom Askøypakke 2 ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet fullfinansiera prosjektet ut over Hordaland fylkeskommune sitt tilskot.